

«MottakerNavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

Dato: 12.05.2014  
Vår ref.: 2014/16270-1  
Saksbehandlar: einhuns  
Dykkar ref.: «Ref»

## Søknad om middel til hurtigladestasjon på Mongstad

Hordaland fylkeskommune ønskjer å etablere hurtigladestasjon ved Mongstad på grensa mellom kommunane Lindås og Austrheim. Prosjektet er budsjettert til kr 623 920. I høve til det nasjonale tilskotsprogrammet for ladeinfrastruktur søkjar vi transnova om 50% tilskot. Resten ønskjer vi å finansiere i samarbeid med kommunane og kraftselskapet.

### Hurtigladeinfrastruktur for ladbare bilar i Hordaland

I tråd med Klimaforliket frå Stortinget og Klimaplanen for Hordaland 2014 – 2030 (framlegg til sak i Fylkestinget 10.06.14) satsar Hordaland fylkeskommune på ein overgang til transportmidlar med lågare eller null utslipp. I april 2014 utgjorde ladbare bilar vel 1,6% av bilparken i Hordaland (4144 av ca 256 800), men heile 27% av nybilsalet (286 av 1055). Statistikken er tilgjengeleg på [www.gronnbil.no](http://www.gronnbil.no). Utover tilgang på normallading (sjå vår [tilskotsordning for kommunar](#)) treng ladbare bilar eit hurtigladenett for utvida rekkevidde.

### Mange bidreg

Til no har fylkeskommunen tatt initiativ til 14 hurtigladestasjonar i regionsentra og viktige knutepunkt i fylket (sjå [her](#)). Stasjonane vert som regel oppretta ved spleiselag mellom kommunar, kraftselskap, fylkeskommunen og den nasjonale tilskotsinstansen Transnova. Vidare eigast og driftast alle stasjonane av kraftselskapa som er lokale nettleverandørar.

For kraftselskap kan hurtiglading av elbilar seiast å vere eit naturleg samfunnsansvar i startfasen av utbygging av infrastruktur for elbilar. Hurtigopplading har vore gratis, men no krev Transnova at alle hurtigladestasjonar tek betaling. Jamvel kan ein ikkje rekna med at stasjonane er privatøkonomisk lønsame på kort sikt.

### Hurtigladestasjon ved Spar Mongstad

Som knutepunkt mellom fylkesveg 57 og 565 ligg Mongstad sentralt plassert langs kyststamvegen. Passerande bilar omfattar både lokal trafikk, mellom anna til arbeidsplassen Mongstad, og regional gjennomgangstrafikk mellom kommunane Austrheim og Lindås og mellom Bergensområdet og Gulen. Ein hurtigladestasjon er ein føresetnad for å trekke vitjande elbilistar til område og å auke talet på ladbare bilar i dei nemnde kommunane (i april 2014 til saman 101).

Hordaland fylkeskommune er i kontakt med Songnes Bygg og ein har verte samde om ein vederlagsfri plassering av hurtigladestasjonen på tomta ved eksisterande SPAR-butikk på Mongstad. Denne plasseringa ligg nær tenestetilbod og trafikkale knutepunkt og oppfyller difor kriteria for ein tilgjengeleg og brukarvenleg hurtigladestasjon.

Ordførarane Per Lerøy (Austrheim) og Astrid Aarhus Byrknes (Lindås) har stilt seg positive til prosjektet og oppmoda fylkeskommunen om å søkje middel.

### Eigarskap og finansiering

Vi føreslår følgjande finansiering:

Aktør	Bidrag relativt	Bidrag absolutt
Transnova	50%	311 960
BKK	12,5%	77 990
Austrheim kommune	12,5%	77 990
Lindås kommune	12,5%	77 990
Hordaland fylkeskommune	12,5%	77 990
Sum	100%	623 920

Vedlagt budsjett viser investeringane, forventa driftskostnadar og eit estimat for inntening av driftskostnadar og eigaren si investering over ein treårsperiode.

Hordaland fylkeskommune søkjar med dette:

1. Austrheim kommune om å bidra til prosjektet med kr 77 990.
2. Lindås kommune om å bidra til prosjektet med kr 77 990.

Gudrun Mathisen  
leiar

Einar Aalen Hunsager  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

ordforar@austrheim.kommune.no  
ordforar@lindas.kommune.no  
Ove Andre Sognnes  
Eric Wheatley (sew@ardeo-tech.no)  
Per Hjalmar Svæe  
Askeland Odd Olaf

Vedlegg

- 1
- 2 image001
- 3 image002
- 4 image003
- 5 image004
- 6 Budsjett Mongstad utkast1

